



ØKOKRIM


September 2025

Temarapport

Ulovleg jakt på rovvilt

Ulovleg jakt på rovvilt verkar å vera ei vedvarande utfordring. Jegerane har relativt stor støtte for aktiviteten i lokalsamfunna sine med lokale aktørar som legg til rette for og kamuflerer ulovleg jakt.

Foto: Espen Strai



**Har du informasjon om
ulovleg jakt på rovvilt eller
anna miljøkriminalitet?
Varsle oss på www.okokrim.no/tips**

Økokrim

Postboks 2096 Vika, 0125 Oslo
Telefon: 23 29 10 00
E-post: post.okokrim@politiet.no

Innhold

Hovudpunkt	4
Innleiing.....	5
Kva er rovvilt?.....	5
Forvaltninga av rovvilt.....	5
Moglegheit for lovleg jakt på rovvilt.....	6
Ulovleg jakt på rovvilt.....	7
Ulovleg jakt på ulv - en nordisk utfordring	7
Ulovleg jakt på bjørn.....	8
Ulovleg jakt på jerv	9
Ulovleg jakt på gaupe	9
Ulovleg jakt på konge- og havørn	9
Konsekvensar av ulovleg jakt.....	10
Aktørar og modus	11
Motivasjon.....	11
Hovudsakeleg jegarar	11
Lukka miljø med lokal støtte	12
Rovvilt er populære, men splitter befolkninga	13
Polarisert debatt	13
Aktivistar saboterer ulvejakt	13
Oppsummering	14
Vedlegg 1: Lovverk og regulering.....	15
Bernkonvensjonen.....	15
Naturmangfoldloven.....	15
Viltloven	15
Straffeloven	16
Dyrevelferdsloven.....	16
Rødliste for utrydningstrua arter	16

Hovudpunkt

- Fire av dei fem rovviltartane i Noreg, ulv, jerv, bjørn og gaupe, står i fare for å bli utrydda. Det femte er kongeørn som har status som «livskraftig» i Artsdatabasen.
- Ulovleg jakt utgjer ein alvorleg trussel mot desse artane.
- Ulvebestanden i Sør-Skandinavia har hatt ein nedgang dei siste fire åra.
- Politiet får ei rekkje tips om ulovleg jakt på rovvilt og mistenkjer omfattande ulovleg jakt. Fleire ulverevir på den norsk-svensken grensa har sporlaust forsvunne. I Norden er det fleire pågåande etterforskingar av jegerar som er sikta for alvorleg miljøkriminalitet i form av ulovleg jakt.
- Ulvejakt er eit omstridd tema. Det er sterke og splitta meiningar på feltet blant befolkninga.
- Det er krevjande å vurdere det reelle omfanget av ulovleg jakt, ettersom lovbrota ofte skjer i utmark med lite kontrollverksemd.
- Ulovleg jakt på rovvilt vanskeleggjer forvaltninga til naturvernstyresmaktene av artane, og gjer det utfordrande å vurdere effekten av førebyggjande tiltak mot husdyr og tamrein, og skadefelling.
- Høgsterett har slått fast at fengsel utan vilkår er utgangspunktet for ulovleg jakt på totalfreda rovvilt – ulv, bjørn og jerv. Særleg allmennpreventive omsyn skal vega tungt, i tillegg til dei internasjonale forpliktingane våre knytte til bevaring av dei utryddingstrua artane.

Innleiing

Ulovleg avliving truar bevaringa av biologisk mangfald, ettersom fire av dei store rovdyra er utryddingstrua i Noreg. Jakt på ulv får mykje merksemd, sjølv om alle dei store rovdyra er trua av ulovleg jakt. Tidlegare forskning viser at 50 prosent av dødelegheita blant ulv kjem av ulovleg avliving. Dette skaper utfordringar for forvaltninga av ulvebestanden.

Rapporten baserer seg på informasjon tilgjengeleg for politiet, inkludert tips, etterforskingar og dommar hovudsakleg i perioden 2023 til 2025. I tillegg er opne kjelder nytta – primært informasjon frå Miljødirektoratet, Norsk institutt for naturforskning (NINA), og dessutan andre offentlege rapportar og forskingsartiklar.

Kva er rovvilt?

Rovdyr er nemninga på dyr som lever av å eta andre dyr. Rovvilt¹ er nemninga på store rovdyr som er gjenstand for spesiell forvaltning i Noreg gjennom eiga forskrift. I forskrift om forvaltning av rovvilt, er rovvilt definert som gaupe, bjørn, jerv, ulv og kongeørn, jfr § 2j. Denne forskrifta har som formål å sikra ei berekraftig forvaltning av desse artane. Her kjem det til dømes fram kor mange ynglingar (ungekull) av kvar art Noreg skal ha årleg for å nå bestandsmåla. I rapporten vil både «rovvilt» og «store rovdyr» brukast som samleomgrep på gaupe, bjørn, jerv, ulv og kongeørn.

Forvaltninga av rovvilt

I Noreg har rovviltforvaltninga to mål – det er ønskeleg å 1) ta vare på rovvilt og 2) ta vare på beitenæringa. Desse måla kan hamna i konflikt. Difor har Stortinget bestemt at me skal ha soner der rovvilt kan etablera seg.² Desse sonene blir kalla forvaltningsområde, og dei er utforma for å dempa konflikten mellom rovvilt og beitenæringa. Til dømes er det ikkje lagt til rette for etablering av ulv i område med samisk tamreindrift.³ Det er i dei forvaltningssona bestandsmålet om talet på årlege ynglingar skal nåast.

Forvaltningsområdet for ulv er på Austlandet, på grensa til Sverige. Ulvesona⁴ omfattar Oslo kommune, Østfold fylke, delar av Akershus fylke og delar av Innlandet fylke.⁵ Området utgjer om lag 5 prosent av Fastlands-Noreg. Forvaltningsområda for bjørn omfattar fleire stader langs grensa til Sverige frå langt nord til sør i landet. Jerven har, til liks med bjørnen, eit forvaltningsområde langs svenskegrensa, i tillegg til eit større område på Nord-Vestlandet. Gaupa har eit omfattande forvaltningsområde og førekjem i store delar av Noregs skogsområde.

1 Høgsterett har slått fast at fengsel utan vilkår er utgangspunktet for ulovleg jakt på totalfreda rovvilt – ulv, bjørn og jerv.

2 Meld.St. 21 (2015-2016) Ulv i norsk natur, Bestandsmål for ulv og ulvesone.

3 Meld.St. 21 (2015-2016) 9.Ulvesonen

4 Forvaltningsområdet for ulven kalles for ulvesonen

5 Forskrift 2005-03-18-242 Forskrift om forvaltning av rovvilt (Rovviltforskriften)

Moglegheit for lovleg jakt på rovvilt

Jakt på dei store rovdyra i Noreg er strengt regulert.⁶ Gaupa er den einaste av dei fire store rovdyra som kan fellast på kvotejakt. Det betyr at styresmaktene avgjer kor mange dyr som kan fellast i ein gitt jaktperiode. Dei tre andre - ulv, bjørn og jerv - kan jaktast ved utøvelse av lisensfelling. Lisensfelling er meint skadeførebyggjande, medan ordinær jakt hovudsakleg er for å hausta ressursar. Jegerar må registrera seg i lisensregisteret for å få utøve lisensfelling på ulv, bjørn eller jerv.⁷ Skadefelling kan også vera lovleg når det er ein akutt fare for skade på husdyr eller tamrein, og rovvilt er ein direkte trussel. Skadefelling er, i motsetning til lisensfelling, knytt til ein spesifikk situasjon.




Foto: Espen Strai

6 Norges jeger- og fiskerforbund <https://www.njff.no/jfs/kurs/rovvilt> (hentet 12.05.25)

7 Statsforvalteren (2021) Kvotejakt og lisensfelling <https://www.statsforvalteren.no/ostfold-buskerud-oslo-og-akershus/miljo-og-klima/rovvilt/kvotejakt-og-lisensfelling/> (hentet 03.09.25)

Ulovleg jakt på rovvilt

Politiet har dei siste åra teke imot ei rekkje tips om avliving av rovvilt utanfor lovleg kvote- eller lisen-sjakt, eller urettmessig skadeskyting. Det finst også fleire tilfelle der personar har vorte dømde for brot på viltlova etter å ha jakta på rovvilt utanfor dei gitte rammene.

Ulovleg jakt på ulv - en nordisk utfordring

Dei siste åra har talet på ulv i Noreg gått ned. I mars 2025 var det registrert 57 til 64 ulv med tilhald i Noreg og delvis i Sverige. Av desse skal 39 til 46 vera heilnorske.⁸ Året før var det registrert 78 til 80 ulv i Noreg heilt og delvis, medan det i 2023 var registrert 125 til 129.⁹

Det er fleire utfordringar ved etterforsking av ulovleg jakt: sakene blir ikkje melde av publikum, det manglar vitne, det er dårleg eller lite bevismateriale, handlingane skjer «langt frå folk», og grensa mellom lovleg og ulovleg kan vera utydeleg. Det har også vist seg at jegermiljøa er lukka, og det krev proaktiv, målretta etterforsking for å avdekkja lovbrota.¹⁰

På den andre sida av grensa har også talet på ulv vorte betrakteleg lågare i seinare tid. Den svenske riksdagen vedtok i mai 2022 at talet på ulv i Sverige burde vera mellom 170 og 270, og at det skal ned mot 170.¹¹ I juni 2024 var det registrert rundt 375 ulv i Sverige. I januar 2025 opplyste SVT at ulvebe-standen langs norskegrensa hadde gått frå 130 til 45 ulv på berre to år.¹² Politiet i Sverige meiner at ulovleg jakt er hovudgrunnen til at ulvebestanden går ned. I Värmland blir tre menn etterforsa for å ha førebudd grov, ulovleg jakt på ulv.¹³ Ein annan svensk jeger er mistenkt for å ha misbrukt retten til nødverje ved felling av ulv.¹⁴

I same område på den norske sida, ved Finnskogen, er ein heil flokk på åtte ulvar sporlaust borte. Både svensk politi og den norske rovdryrforskaren Petter Wabakken ved Universitetet i Innlandet, meiner ulovleg jakt er den mest sannsynlege årsaka.^{15, 16, 17}

I 2016 vart fire menn i Høgsterett dømde for forsøk på ulovleg felling av tre ulvar i nærheita av Elverum. Dei vart dømde for brot på straffeloven (1902) § 152 b andre ledd nr.1 (straffeloven (2005) § 240 i dag).

8 Universitetet i Innlandet: ULV I NORGE PR. 31. MARS 2025, KONKLUSJONER FRA BESTANDOVERVÅKNING VINTER-EN 2024-2025, Rapport 4

9 WWF (2024) <https://www.wwf.no/dyr-og-natur/truede-arter/ulv-i-norge> (hentet 05.05.25)

10 Paul Larsson (2020) Etterforsking av illegal ulvejakt Nordisk Tidsskrift for Kriminalvidenskap 2/2020

11 Regeringskansliet (16.12.24) Ändring kring vargens referensvärde <https://www.regeringen.se/pressmeddelanden/2024/10/andring-kring-vargens-referensvarde/> (hentet 13.05.25)

12 NTB (04.05.25) <https://www.tu.no/nyhetsstudio/svensk-politi-mistenker-ulovlig-ulvejakt-etter-nedgang/77759> (hentet 05.05.25)

13 SVT (04.05.25) https://www.nrk.no/innlandet/svt_-kraftig-nedgang-i-ulvebestanden-i-sverige--1.17403793 (hentet 05.05.25)

14 SVT (30.04.25) <https://www.svt.se/nyheter/lokalt/halland/jagare-riskerar-atal-for-att-ha-skjutit-varg-i-halmstad> (hentet 30.05.25)

15 NTB (04.05.25) <https://www.tu.no/nyhetsstudio/svensk-politi-mistenker-ulovlig-ulvejakt-etter-nedgang/77759> (hentet 05.05.25)

16 NRK (13.02.25) <https://www.nrk.no/innlandet/mener-ulvebestanden-generelt-bor-vaere-storre-1.17274159> (hentet 05.05.25)

17 SVT (04.05.25) <https://www.svt.se/nyheter/lokalt/varmland/vargar-sparlost-forsvunna-i-varmland-och-da-larna> (hentet 28.05.25)

I tillegg vart ein av desse også dømd for brot på naturmangfoldloven i samband med åtejakt på revnattetid. Han hadde då aktaust felt ein ulv som han trudde var rev.¹⁸ I 2024 vart ein mann dømd i lagmannsretten for brot på dyrevelferdsloven, for å ha påført ein ulv unødige påkjenning og belastning under lisensjakt.¹⁹

I 2025 er ei omfattande sak om ulovleg jakt på ulv under etterforsking. Ti menn er sikta for ulovleg organisert jakt på den freda ulven. Siktingane er alvorleg miljøkriminalitet, jf. straffeloven § 240 anna ledd. Det inneber at dei er sikta for å ha minska bestanden av ein utryddingstrua art, eller å ha medverka til dette. Delar av bakgrunnen for siktingane er at det i januar 2025 etter seiande vart skote to ulv ulovleg, der ein av dei er beslaglagt av politiet. Alle dei sikta er menn frå Innlandet. Det er også beslaglagt over hundre våpen i saka, og fleire blir også etterforska for våpenlovbrot.^{20, 21}

Også i Finland er ulovleg jakt på ulv eit aktuelt tema. I mai 2025 vart 26 jegerar dømde for ulovleg jakt på utryddingstrua artar, inkludert ulv, jerv, gaupe og rovfugl (dommen er ikkje rettskraftig). Ein av dei domfelte, ein mann i 60-åra, som blir omtalt som leiaren for gruppa jegerar, fekk den strengaste straffa. Han er dømd til å sona eit og eit halvt år i fengsel, og fekk jaktforbod i tre år.²² Fleire av jegerane forklarte i retten at grunnen til den ulovlege jakta var at dei var usamde i rovdyrpolitikken i Finland. I same sak vart 250 våpen beslaglagde.

Sjølvs om ulvebestanden går ned i Norden, aukar han i fleire land i Europa.²³ I Nederland, Belgia, Danmark og Tyskland er det no registrert fleire ulvar enn før. Dette er positivt for bestanden, men konfliktskapande overfor beitedyr og menneske. Nokon hevdar at krigen mellom Russland og Ukraina kan ha ført til ei auke av den russiske ulven, då jegerar ikkje lenger jaktar fordi dei deltek i krigføring, og at ulven utvandrar vidare i Europa.²⁴

Ulovleg jakt på bjørn

Bjørnen i Noreg er primært i grenseområda mot Sverige, Russland og Finland. Det gjer at Sverige og Noreg samarbeider om å overvaka bjørnebestanden. I Sverige er bjørnebestanden på godt over 2000 bjørnar, medan han i Noreg er litt under 200.^{25, 26} Også brunbjørn blir jakta ulovleg. Eksempelvis vart det i Troms fylke i perioden 2006–2023 registrert totalt 68 unike bjørnar. Ifølgje Statens naturoppsyn er det truleg at minst halvparten av desse er ulovleg avliva. Fleire bjørnar som har vore sakna i Noreg er også registrerte døde/felte i Sverige.²⁷

18 HR-2016-1857-A

19 LE-2024-51101

20 NRK (09.05.25) <https://www.nrk.no/innlandet/ti-menn-siktet-for-ulovlig-jakt-pa-fredet-rovvilt-i-eidskog-i-innlandet-1.17208203> (hentet 09.05.25)

21 Økokrim (09.05.25) <https://www.okokrim.no/ti-personer-siktet-for-ulovlig-jakt-paa-fredet-rovvilt-6718015-549344.html> (hentet 25.05.25)

22 Svenskjakt (02.05.25) <https://svenskjakt.se/start/nyhet/flera-doda-vargar-och-lodjur-narmare-30-jagare-fallda-i-stor-tjuvjaktsrattegang/> (hentet 05.05.25)

23 NINA (18.12.24) <https://www.nina.no/Om-NINA/Aktuelt/Nyheter/article/rovdyrene-vender-tilbake-til-eu-ropa#:~:text=%C3%98kte%20rovdyrbestander%20i%20Europa%20Statusrapporten%20fra%20EU%2Dkommisjonen,omtrent%20p%C3%A5%20samme%20niv%C3%A5%20som%20i%202016> (hentet 19.05.25)

24 NRK (09.08.25) Det er ulver i mosen <https://www.nrk.no/urix/xl/full-fyr-i-dansk-ulvedebatt-1.17457312> (hentet 04.09.25)

25 Miljødirektoratet (2024) <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/bjorn/>

26 Naturvårdsverket (25.11.24) <https://www.naturvardsverket.se/data-och-statistik/vilt/bjorn-populationsutveckling/> (hentet 22.05.25)

27 Miljødirektoratet (14.07.15) «Norske» bjørner skytes i Sverige

Fem nordmenn og ein svenske er tiltalt for grov ulovleg jakt på bjørn i Sverige i 2023. Dei er tiltalte for å ha jaga ei binne med tre ungar med motorvogn, og seinare felt binna og den eine ungen. Det vart nytta hundar under jakta på ungen.²⁸

Ulovleg jakt på jerv

Talet på jerv i Noreg har vore relativt stabilt dei siste fire åra. Ifølgje den DNA-baserte overvakinga til Rovdata, skal det vera mellom 360 og 393 jerv i Noreg. Statistikk frå Rovbase²⁹ tilseier at det var 314 jerv som døydde i perioden 2022 til 2024, og berre éin er registrert som ulovleg avliva.

Det er registrert få saker om ulovleg jakt på jerv i Noreg. Anna informasjon tilseier at fleire jerv har vorte jaga med snøskuter eller hund og ulovleg avliva.

Ulovleg jakt på gaupe

Gaupa er det eine store rovdycet i Noreg som kan jaktast lovleg ved kvotejakt. Det betyr at styresmak-
tene for ein kortare periode på nyåret, når det er jaktseong på gaupe, fastset eit tal gauper som kan
fellast.³⁰ Jakt utover dette blir rekna som ulovleg. Det skal vera 78 familiegrupper med gaupe i Noreg i
dag, noko som svarer til ca. 380 til 540 dyr.³¹ Gaupa finst i nesten heile Noreg, og trivst best i skog og
bratt, ulent terreng.

Ulovleg jakt på gaupe kan i fleire tilfelle også knytast til utstopping. Ulovleg handel med utryd-
dingstrua artar er ei internasjonal utfordring.³²

Ifølgje Miljødirektoratet er det gaupa, saman med jerven, som drep flest sauer. Av erstatta tap av sau
i 2024, var heile 65 prosent på grunn av gaupe- og jervangrep. Det kan i nokre tilfelle føra til at rovvilt
blir skote i nødverje ved angrep.³³

Ulovleg jakt på konge- og havørn

Kongeørn og havørn er dei to største rovfuglane me har i Noreg, og kan vera vanskeleg å skilja mellom.
Dei har status som livskraftig i Artsdatabasen, men er begge totalfreda, og ulovlege å jakta på. Konge-
ørn finst over stort sett heile landet, medan havørna er langs kysten frå Finnmark til Oslofjorden.³⁴

Desse rovfuglane er også utsett for ulovleg jakt. Sidan 2021 har politiet teke imot fire meldingar der
kongeørn er skote, men det er ukjent kven som er gjerningspersonen.

28 Nationen (26.08.2025) <https://www.nationen.no/fem-norske-menn-tiltalt-for-grovt-brudd-pa-jaktlovene-i-str-msund/s/5-148-779885>

29 Rovbase er et forvaltningsverktøy og et datalager om rovviltinformasjon. <https://www.rovbase.no/>

30 Miljødirektoratet (29.08.24) <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/gaupe/> (hentet 26.05.25)

31 Rovdata (2024) <https://rovdata.no/gaupe/bestandsstatus.aspx> (hentet 26.05.25)

32 UNOCD: World Wildlife Crime Report 2024 (hentet 15.05.25)

33 Miljødirektoratet (24.04.25) Tap av husdyr og tamrein til rovvilt <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/husdyr-tap/> (hentet 26.05.25)

34 Miljødirektoratet (20.03.25) Kongeørn i Norge <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/kongeorn/> (hentet 26.05.25)

Konsekvensar av ulovleg jakt

Tidlegare forskning viser at ulovleg jakt er ein stor bidragsytar til at rovvilt er utryddingstrua. Så mange som halvparten av ulvane i Skandinavia døyr truleg som følgje av ulovleg jakt. Det er meir enn svolt, påkøyrslar, sjukdom og naturleg død til saman. Ulven er antakeleg det rovviltet som er mest utsett for ulovleg jakt.³⁵

Ulovleg jakt på rovvilt vanskeleggjer forvaltninga til naturvernstyresmaktene av artane, fordi ulovlege fellingar gjer det utfordrande å vurdere effekten av forvaltningstiltak som skadefelling, eller førebyggjande tiltak mot skade på husdyr og tamrein.³⁶

Bestandsmåla for rovvilt i Noreg er lagde på eit lågt nivå som tek omsyn til beitenæring og andre utmarksinteresser. For ulv inneber dette at dagens mål er så låge at dei i liten grad sikrar genetisk variasjon eller den økologiske funksjonen til arten som toppredator.³⁷ Kvart individ som felles ulovleg kan derfor få mykje å seia for overlevinga til arten.



Foto: Økokrim

35 Liberg, O., Chapron, G., Wabakken, P., Pedersen, H. C., Hobbs, N. T., & Sand, H. (2011). Shoot, shovel and shut up: cryptic poaching slows restoration of a large carnivore in Europe. *Proceedings of the Royal Society, B* 279: 910-915.

36 Meld. St. 19 (2019-2020) Miljøkriminalitet Klima- og miljødepartementet

37 Miljødirektoratet (2023) Utredning om endring av bestandsmål for ulv i Norge.

Aktørar og modus

Me har avgrensa kunnskap om omfanget av jakt og avlaving av rovvilt utan løyve, ettersom regelbrota stort sett skjer i store område med skog og fjell, der det er låg risiko for å bli oppdaga. Politiet får informasjon om slike hendingar hovudsakleg i form av tips eller tilfeldig kontroll.³⁸ Politiet kan også sjølv initiera etterforsking som kan gi informasjon om ulovleg jakt.

Motivasjon

I stortingsmeldinga om miljøkriminalitet av 2019 står det skildra at motivasjonen til den ulovlege avlavinga av rovvilt ofte kan vere eit ynske om å verna eigne interesser, som husdyr, tamrein, jakthund, eller utbytte frå jakt. Fleire bønder har eksempelvis ytra eit sterkt ønske om å lettare kunna skyta fredda hav- og kongeørn. Det blir grunngitt med at ørnane drep lam og reinkalvar, særleg i Nordland. Bøndene er frustrerte over at dei ikkje kan redde beitedyra sine.³⁹

Nokon ønskjer også å driva laushundjakt utan opplevd risiko for livet til hunden, eller å bevare bestanden av vilt (eksempelvis elg) til eiga jaktutøving. Motivasjonen kan også vera at ein er usamd i rovviltpolitikken, eller ønskjer seg eit nytt trofé i jaktsamlinga. Dei som står bak denne typen kriminalitet er både enkeltpersonar, men også uformelle grupper og nettverk.⁴⁰

I eit samarbeid mellom ulike institusjonar i Noreg, Sverige og Finland gjennom prosjektet «Transfrontier Collaboration in wildlife management with a special focus on wildlife crime» blir rovdyrforvaltninga i dei nemnde landa undersøkt. Ulovleg jakt på rovvilt blir gitt eit spesielt fokus. I rapporten blir det beskrevet fleire moglegheiter for kvifor ulovleg jakt førekjem. Det kan vera relasjonane mellom by og bygd, eigne normer og syn internt i miljø, ei kjensle av avstand mellom avgjerdene til styresmaktene og realiteten, syn på naturen og rovdyrforvaltninga eller frustrasjon over ei avgrensa moglegheit til å påverka rovviltforvaltninga.⁴¹

Hovudsakeleg jegerar

Aktørane er ofte personar som har tilgang på våpen, og som også driv med lovleg jakt. Nokre jegerar skjuler truleg den ulovlege jakta under dekke av å driva med anna jakt.

Alle som skal driva jakt i Noreg, må vera registrerte i Jegerregisteret. For å bli registrert her, må ein bestå jegerprøva. Om ein blir frådømt retten til å utøva jakt og fangst, må ein ta jegerprøva på nytt for å kunna bli registrert som jeger.⁴²

Bakgrunnssjekk av dei få kjende aktørane som driv med ulovleg rovviltjakt, indikerer at dei elles held seg innanfor lover og reglar.

38 Meld. St. 19 (2019–2020) Miljøkriminalitet Klima- og miljødepartementet

39 Nationen (11.06.24) Mener ørnebestanden er ute av kontroll: vi har nådd grensa for lenge siden <https://www.nationen.no/mener-ornebestanden-er-ute-av-kontroll-vi-har-nadd-grensa-for-lenge-siden/s/5-148-559972> (hentet 26.05.25)

40 Meld. St. 19 (2019–2020) Miljøkriminalitet Klima- og miljødepartementet

41 Transfrontier Collaboration in wildlife management with a special focus on wildlife crime Rovdyrforvaltning i Sverige, Norge og Finland med særlig fokus på innsats mot illegal jakt på store rovdyr. https://www.suurpe-dot.fi/media/pdf/varglife_broschyr_rovdjursforvaltning-i-norden-no.pdf

42 FOR-2002-03-22-313. Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. Kapittel 3



Foto: Espen Strai

Lukka miljø med lokal støtte

Tidlegare etterforsking har vist at det er utfordrande for politiet å komma innpå jegermiljøa då dei er lukka. Likevel verkar det å vera god kjennskap til aktiviteten i lokalsamfunn, då politiet i etterforsking har sett at jegerar får tips frå innbyggjarar om observasjonar av ulv eller anna rovvilt.⁴³

I mange tilfelle er det mange i lokalsamfunn som støttar oppunder ulovleg jakt på rovvilt, utan å vera aktiv jeger sjølv. Funn frå tidlegare rettssaker og intervju med bebuarar i bygdesamfunn underbyggjer dette. Innbyggjarar uttaler at dei ikkje ville rapportert om det dersom dei visste om/oppdaga ulovleg rovviltjakt, og at dei har forståing for kvifor desse dyra blir avliva.⁴⁴

Ei undersøking gjort av Rovdyrsenteret i 2020 viser mellom anna at om ein jaktkamerat hadde skote ein ulv ulovleg, ville 2 av 10 ikkje meldt frå til styresmaktene, men handtert situasjonen sjølv eller ikkje gjort noko som helst.⁴⁵

43 Larsson, P. (2020) Etterforsking av illegal ulvejakt Nordisk Tidsskrift for Kriminalvidenskab 2/2020

44 Krangle, O. Skogen, K. 2019. Ulovlig jakt på store rovdyr. Holdninger i befolkningen, lokalsamfunn og blant jegere. NINA Rapport 1663. Norsk institutt for naturforskning.

45 Rovdyrsenteret (01.10.20) <https://rovdyrsenter.no/rovdyrviten/hva-synes-egentlig-folk-om-ulovlig-jakt-pa-store-rovdyr/> (hentet 06.05.25)

Rovvilt er populære, men splitter befolkninga

Det er store kontrastar i haldningane til og meiningane rundt jakt på rovvilt, og då spesielt ulv. Norsk institutt for naturforskning (NINA) har skrive ein rapport om nordmenns haldning til dei store rovdyra. Dei konkluderer med at rovdyr generelt er populære. Fleirtalet i befolkninga ønskjer dei verande i norske skogar. Ein kan likevel sjå ein tendens til at folk i urbane strøk er mest positive, og at dei som lever i område der dei store rovdyra ferdast er litt meir negative.⁴⁶ Dette samsvarer med den situasjonen i fleire land i Europa kor dei som bur i byar, og ikkje lever med ulven, ønskjer ein aukande bestand. Dei som bur i område med ulv, bønder eller jegerar med hund, fryktar ulven og ønskjer ein streng politikk.⁴⁷

Nokre sosiale grupper opplever forvaltninga av rovdyr som eit maktovergrep frå urbane elitar, som igjen sørgjer for ei kjensle av avmakt.⁴⁸

Polarisert debatt

Det finst ei rekkje offisielle og uoffisielle grupper som kjempar for å bevara rovvilt. Under debatten på NRK i 2021 vart det oppheta diskusjonar mellom politikarar knytte til rovviltpolitikken i landet. Desse diskusjonane førekjem også i sosiale medium, og då spesielt i ulike interne Facebook-grupper. Spreiinga av udokumentert informasjon er også til stades, eksempelvis påstandar om at ulven er innført frå andre land og deretter sett ut i norske skogar.

Aktivistar saboterer ulvejakt

Det blir ofte arrangert aksjonar mot lisensjegere. Fleire aktivistar har utført hærverk mot jegerar i form av å øydeleggja bilane deira. Nokon har sveltestreika framfor Klima- og miljødepartementet.⁴⁹ Medan andre igjen dukkar fysisk opp i område der det er lisensfelling, bestiller det meste av overnattingsmoglegheiter i området, og prøver å sabotera jakta ved å bevega seg inn i jaktterrenget og øydeleggja jaktlinjer, som er sette opp for å halda ulven innanfor det gitte området. Klima- og miljøministeren har tidlegare gått ut i media og åtvare aktivistar mot å involvera seg i jakta, då det kan vera direkte farleg.⁵⁰ Aktivistane på si side meiner dette er heilt nødvendig for at Noreg ikkje skal mista ulven fullstendig, då dei reknar han for å vera ein naturleg del av naturen og ei viktig brikke i økosystemet.⁵¹

46 NINA Rapport: Nordmenns holdninger til store rovdyr 2010, 2017 og 2023

47 Euractive (25.03.25) <https://www.euractiv.com/section/eet/news/europes-current-wolf-hunts-and-the-executive-that-wont-prevent-extinction/> (hentet 08.05.25)

48 NINA Rapport: Nordmenns holdninger til store rovdyr 2010, 2017 og 2023

49 NRK Stor-Oslo (22.02.25) <https://www.nrk.no/stor-oslo/aktivister-sultestreiker-mot-ulvejakt-1.15864916> (hentet 05.05.25)

50 NTB (12.01.24) <https://www.nrk.no/nyheter/miljoministeren-ber-aktivister-stanse-ulovlige-ulve-aksjoner-1.16712866> (hentet 08.05.25)

51 NINA Rapport: Nordmenns holdninger til store rovdyr 2010, 2017 og 2023

Oppsummering

Rovvilt er beskytta gjennom ei eiga forskrift som skal hindra at artane døyr ut, og i naturmangfoldloven og straffeloven. Me har i tillegg forplikta oss til å halda oppe bestandar av rovvilt gjennom internasjonale avtalar og regelverk. Gaupe, bjørn, jerv og ulv er alle kategoriserte som trua artar på den norske rødlista. Det betyr at det er høg til ekstrem høg risiko for at arten blir utrydda frå norsk natur. Konsekvensane av ulovleg jakt kan derfor vera svært alvorlege.

Ulovleg jakt på rovvilt verkar å vera ei vedvarande utfordring. Det me har av informasjon indikerer at dei som driv med ulovleg jakt, også driv med lovleg jakt, eller har tilgang til våpen gjennom reindriftsnæringa. Dei fleste som driv med ulovleg jakt på rovvilt, kan ikkje knytast til anna kriminalitet. Basert på forskning, etterforsking og tilhøyrande avhøyr, verkar det som jaktmiljøa i stor grad er lukka miljø der «medlemmene» har vore aktive jegerar i lang tid, gjerne sidan 15-16 års alderen. Motivasjonen for å jakta ulovleg varierer frå ønske om å verna husdyr og bestandar av vilt, til kjensle av avmakt overfor styresmaktene, men også ønske om spenning og eit trofé i jaksamlinga. Jegerane har relativt stor støtte for aktiviteten i lokalsamfunna sine med lokale aktørar som legg til rette for og kamuflerer ulovleg jakt.

Avdekking av ulovleg jakt krev store ressursar i politiet, og det er relativt få forhold som er etterforska samanlikna med kor mange rovvilt som er anteke ulovleg felte sidan 2023.



Foto: Espen Strai

Vedlegg 1: Lovverk og regulering

Bernkonvensjonen

Bernkonvensjonen er ein internasjonal juridisk avtale om vern av ville dyr og plantar i Europa. Noreg har underskreve avtalen, saman med over 50 andre land. Ved å signere avtalen, har Noreg forplikta seg til å beskytte artene som står på Bernkonvensjonens lister. Ulv, bjørn, jerv, gaupe og kongeørn står på dei listene.⁵²

I desember 2024 blei vernet for ulven endra i Bernkonvensjonen. Det gjekk frå å være «strengt beskytta» til «beskytta». Det på grunn av ei auke i ulvebestanden i Europa. Kva dette vil bety for beskyttelsesnivået for ulv i Noreg er framleis noko uklart.⁵³

Naturmangfoldloven

Noreg har forplikta seg gjennom naturmangfoldloven til å ha berekraftige bestandar av rovvilt. I naturmangfoldloven § 4 står det at Norge har som mål å ivareta mangfaldet av naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenne-teiknar den enkelte naturtype. Målet er og at økosystemets funksjonar, struktur og produktivitet skal ivareta så langt det vurderast rimeleg. Det står vidare i same lov § 15 at uttak av naturleg viltlevande dyr skal følgast av lov eller vedtak med heimel i lov. Ved all aktivitet skal ein unngå unødige skade og liding på viltlevande dyr og deira reir, bo eller hi. Ein skal og unngå unødige jaging av viltlevande dyr. Lisensjakt på ulv, bjørn og jerv er heimla i naturmangfoldloven § 18 bokstav b og c.

Naturmangfoldloven § 17 opnar opp for avliving av rovdyr om det «[...] anses påkrevd på grunn av et pågående eller umiddelbart forestående angrep på tamrein, bufe, gris og fjærfe. [...]» eller fordi det er overveiende sannsynlig at et slik angrep er nært forestående». Formuleringa om nært forestående angrep kom inn i loven 1. april 2025.

Viltloven

I Loven om jakt og fangst av vilt (viltloven), er formålet at viltet og viltets leveområde skal forvaltast i samsvar med naturmangfoldloven. Jakt og fangst skal blant anna utøvast utan at viltet utsettast for unødige lidingar, jf. viltloven § 19. Det står også beskrive i § 9 at Miljødirektoratet fastsett jakttida for den enkelte art og innanfor kva område jakta kan gå føre seg. Viltloven erstattast av viltressursloven 1. juli 2026.

52 Regjeringen (20.10.21) <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/sporsmal-og-svar-om-rovdyr-og-rovviltforvaltningen/id2878359/?expand=fact-box2878363> (hentet 09.05.25)

53 Regjeringen (05.12.24) <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ulvens-beskyttelsesniva-i-europa-er-vedtatt-endret/id3077914/> (hentet 13.05.25)

Straffeloven

Ved ulovleg felling av rovvilt kan regelbrotet rammast av straffeloven § 240 andre ledd. Denne føresegna omhandlar alvorleg miljøkriminalitet. Vilkåret er om ein minskar ein naturleg bestand av freda organismar som nasjonalt eller internasjonalt er trua av utrydding.

Dyrevelferdsloven

Dyrevelferdsloven skal verna dyr mot unødige påkjenningar og belastningar. Det gjeld og ville dyr. I § 20 står det at jakt, fangst og fiske skal utøvast på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte. Formålet med lova er å fremja god dyrevelferd og respekt for dyret.

Rødliste for utrydningstrua arter

Norsk rødliste for trua artar er ei oversikt over artar som har risiko for å døye ut frå Noreg. Rødlista skal bidra til ei kunnskapsbasert forvaltning av artsmangfaldet, og er utarbeidd etter Den Internasjonale naturvernunionens (IUCN) retningslinjene sine.⁵⁴ Det er Artsdatabanken, eit forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet, som utarbeider rødlista i Noreg. På rødlista er artane kategoriserte i fem ulike kategoriar, kritisk trua CR, sterkt trua EN, sårbar VU, nær trua NT eller datamangel DD. Viss arten er vurdert til kategoriane CR, EN eller VU blir dei omtalte som trua artar med høg til ekstrem høg risiko for å døye ut i Noreg om status blir halden oppe.⁵⁵ Bjørn, jerv og gaupe er alle kategoriserte som sterkt trua, medan ulv er kritisk trua. Ifølgje kategoriseringa til artsdatabanken, er det ekstrem høg risiko for at ulven døyr ut i Noreg viss utviklinga held fram som i dag.

Regjeringa har bestemt at Noregs forvaltning av rovdyr skal vera bygd på økologisk kunnskap, og at artar som naturleg høyrer til i Noregs natur skal ha sin plass. Naturen og artane i seg sjølve har ein eigenverdi, og det er eit nasjonalt mål at ingen artar skal utryddast.⁵⁶

54 Artsdatabanken (2021) Rødlista – hva, hvem, hvorfor? Norsk rødliste for arter 2021 <https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Rodlistahvavhvhvfor> (hentet 03.09.25)

55 Artsdatabanken (2021). Metode. Norsk rødliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Metode> (hentet 04.09.25)

56 Regjeringen (20.10.21) <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/sporsmal-og-svar-om-rovdyr-og-rovviltforvaltningen/id2878359/?expand=fact-box2878364> (hentet 12.05.25)



